

# 95- år gammel diktarjente debuterer på CD

**\_Tankane har fått vengjer! Eg hadde aldri trudd i mitt 95 år lange liv at dei enkle dikta eg har skrive, skulle utgjevast på CD. Eg skuldar Synnøve Grøtteland Helland frå Bjerkreim ein stor takk. Ho har laga alle melodiane og syng saman med Liv Valbjørg Apeland Bakke til saman 16 songar. Det er noko rart å bli CD-debutant i så høg alder.**

**Av AGNAR KLUNGLAND**

(Tekst og foto)

Marta Jordbrekk frå Moi i Lund kommune, helt sør i Rogaland, er ei vital dame, kjent som diktar med treffande, vare og følsame dikt. Dikt som gjev glede og hjelp, dikt til trøyst. Ofte tar dikta utgangspunkt i naturen, spesielt blomar.

Dåp ho var 90 år gav ho ut diktboka: «Eg legg mi hand i di. I den har mange funne trøyst i livet.

Marta og dikt høyrer saman. Ho har ofte deklamert dikta sine på ulike tilstellingar. Ho har alltid vore aleine i livet. Etternamnet kjem frå Suldal, men mora kom frå Steinberg i Lund kommune og etter 55 år i ullvarebransjen på DFU (De forenede ullvarefabrikker) på Ålgård, søkte ho seg først inn på Lund omsorg senter, men fekk ikkje plass. Så kjøpte ho likegodt nabohuset, og der har ho det godt.

På sjukeheimen kjøper ho seg mat rett som det er. Men elles held ho seg heime utanom nokre turar til bedehus et og på Sion. Ho klarer seg sjølv for det meste, det er ho vant til.

## Kveldstilla



Marta blir i godt lag når ho pakkar ut 30 CD plater (av i alt 1000) med tittelen «Kveldstilla»: \_Nei, sjå detta. Det var alle tiders. Så fint bilete framme. Og eg likte at tolv av dikta av i alt 16 er trykt på coveret, så kan folk lese samtidig som dei høyrer songen. Tenk at Liv Synnøve Grøtteland Helland har laga melodi til dikta mine og syng saman med Liv Valbjørg Apeland Bakke . Det er stort. Eg har skrive dikt heile livet og seier det som eg meiner skal seiast gjennom dei. Eg vil helst ikkje ha blest om min person, men budskapet berre kjem til meg, oftast frå naturen. Gud møter menneskja der.

Marta må bruka rullator når ho skal ut, men før i tida henta ho inspirasjon i Guds frie natur. No gler ho seg over dei vakre naturbileta Synnøve har i CD-en.

## Lyngblom

\_Best likar eg diktet «Lyngblomen og av songane ragar «Eit farvel» høgast. Ho deklamerer:

*Lyngblom, kjære, ver velkomen, sårt eg lengtar etter deg. Det er du som syner leia, lyngblom, å, eg elsker deg! Ein gong skal for meg det kvelda, og mi livssol sig i hav. Livsens lov for meg vil gjelda og eg gøymast skal i grav. Men når kveldssol hagen gyllar der eg søv min siste blund, vil du bløme på mi torv, - Bli hos meg ved haust ei stund.*

## Mi hand i di

Om framtida svarar Marta frå diktsamlinga «Eg legg mi hand i di.

\_Eg har Jesus med meg. Han har vakta meg heile livet. Eg er viss på det er slik eg skriv i diktet: *Ber meg, du, på dine faderarmar når kringom meg det mørknar i mot kveld.* Og sist i diktet: *Ved ditt hjarta alltid trygt eg kviler. Når visst er veit du meg på heimveg ber. Der ved ditt hjarta skal ny kraft eg finna. Det er din lovnad, kjære Herre Gud. Den som maktlaus fell i dine hende, gjev du stor styrke til å halda ut.*

\_Fleire trudde visst at mi siste stund var komen tidlegare i november. Eg fekk problem med pusten og måtte i bråhast til Flekkefjord sjukehus. Men etter fire dagar bar det heim att og no føler eg meg god, seier Marta.

\_Livet er på mange måtar som ein blome, den luter mot marka, visnar og døyr. Det skriv eg om i «Eit farvel: *Du lutar nå, du vesle blom, stilt takkar du for deg. Eg lyt få sagt, du va meg kjær, få sagt det før du dreg.*

Ho legg til: \_Livet er i Guds hender. Boka «Eg legg mi hand i di» kom for fem år sidan. Der har eg skrive dei tankane eg enno har. Me er i Guds hender, og eg må stadig tilbake til blomane som eg ser på som Guds gåve til oss: *Eit smil, ei glede, rein og rik, eit streif frå Paradis, frå allhærs Gud, frå Skaparen som ein gong sa – Bli lys!*

## Peike på Jesus

\_Men det må ikkje bli slik at me står fram, men heller slik som guten sa til kameraten sin: Du har så fin ein dress. Han sa ikkje kor fin guten var. Han fekk til svar: Eg skal sjå om ikkje me kan finne stoff så du også kan få ein fin dress. Han sa ikkje du kan bli like fin som meg. Me må ikkje sentrera om oss sjølve. Eg vil at dikta mine, djupast sett, skal peike på Frelsaren, forsonaren.

\_Eg er enno ikkje ferdig med tankane omkring sorg. Eg leste nyleg i lokalavisa at alle verkelege dikt er spunne ut av sorg. Kanskje – eller rettare, vemod. Fint om dikta kan oppmuntring og gje nytt mot til motlause. For meg har det vore utruleg godt å få tankane ned på papiret. Og så er det ekstra stort at Synnøve, som er ei nær venninne av meg trass i sprik i alder, at ho ville setja melodi og til dikta og gje ut CD.

Mange blei velsigna av «Eg legg mi hand i di». Og då Synnøve Grøtteland Helland ville bruka dikta av Marta i si tredje CD utgjeving, takka Marta ja.

\_All ære til Gud og dei reiskap han brukar så dikta får vengjer. Eg står berre undrande, kjenner meg audmjuk, men også velsigna. I mitt liv har eg ikkje hatt så mange å dela tankane med, då vert det avlastande å få det på papiret. Det gir rike gode stunder.

## «Evangelisten»

\_Då eg endeleg våga meg fram, var det bladet «Evangelisten» i Kristiansand som fekk dei fleste dikta. Men det blei ekstra fart i det, - og bok - då Solveig Vatland (no Bøe) kom inn i bilete. «Eg legg mi hand i di» kom ut på Sambåndet forlag. Dei siste fem åra har eg fått mange hyggelege tilbakemeldingar. Og no når 95 års milepæl er passert, har Synnøve Grøtteland Helland tonesett 16 av diktas henta frå boka. Eg kan berre undrast og sender ein hjartans takk til dei som har gått i bresjen for å få dette til. Må Guds velsigning kvile over alt og alle vidare, takkar Marta.

## Fest



Då Synnøve kom med CD-ane, diska ho opp med kake og flagg. Det blei litt feiring i stova til Marta. Ho ville frå starten av ikkje ha så mykje blest og skrivning. Det blir så lett overdimensjonert. Men kan nokon få glede og hjelp av dikta, vil eg først og fremst takka Synnøve og vi Valbjørg som syng dei så vakkert.

Eg ser Jesu leiing i livet. Eg vågar å sei at eg trur dikta kjem frå han. Godt å få vitne om Gud, om Jesu kjærleik til oss menneske. Å skriva dikt blir på ein måte ikkje mitt verk.

## Bilete og song

Synnøve Grøtteland Helland som også er en habil naturfotograf, har tidlegare gjeve ut «Ved kjella» i 2008 og «I fred og frihet» 2012. Den første hadde berre dikt av Haldis Reigstad, den andre eit av Marta. Coveret til «Kveldsstilla» har mange stemningsfull bilete som gjer coveret verdt å lese. Denne opplevinga blir forsterka med det fine tonefølgje til dikta.

Både Marta, Liv Valbjørg og Synnøve håper songen og dikta kan gje noko verdfullt til dagens travle menneske. Eldstemann i trioen, Marta, er like ivrig som dei unge å formidle glede, trøyst og varme.

CD-en «Kveldsstilla» gir rom for ettertanke, håp og kjensle av at det er noko meir i livet enn det materielle. Menneskelivet er som blomen på marka.